



Undersøkinga om barn si fritid 2024

Dokumentasjonsnotat

Håvard Bergesen Dalen, Ingrid Haugland, June Solås, Sara Grimstad og Clara Bergene

TALL
SOM FORTELLER
NOTATER / DOCUMENTS
2025/1

I denne serien blir det publisert dokumentasjon, metodebeskrivingar, modellbeskrivingar og standardar.

© Statistisk sentralbyrå

Publisert: 17. januar 2025

ISBN 978-82-587-1083-4 (elektronisk)

ISSN 2535-7271 (elektronisk)

Standardteikn i tabellar	Symbol
Ikkje mogleg å oppgi tal	.
Tal finst ikkje på dette tidspunktet fordi kategorien ikkje var i bruk då tala vart samla inn.	
Talgrunnlag manglar	..
Tal er ikkje komme inn i databasane våre eller er for usikre til å bli publiserte.	
Blir ikkje vist av konfidensialitetsomsyn	:
Tal blir ikkje publiserte for å unngå å identifisera personar eller verksemder.	
Desimalteikn	,

Forord

Dette notatet inneholder Statistisk sentralbyrå (SSB) sin metodiske dokumentasjon av undersøkinga om barn si fritid. Undersøkinga ble gjennomført i april 2024.

I Statistisk sentralbyrå har seksjon for inntekts- og levekårsstatistikk hatt fagansvaret for undersøkinga. Datainnsamlinga er utført av seksjon for personundersøkingar.

Ved seksjon for inntekts- og levekårsstatistikk har Ingrid Haugland og Håvard Bergesen Dalen leia arbeidet. Språkkontroll og korrekturlesing er gjennomført av June Solås frå same seksjon. Ved seksjon for personundersøkingar har Sara Grimstad og Clara Bergene leia arbeidet med datainnsamlinga. Jan Haslund har programmert spørjeskjemaet og tilrettelagd datamaterialet for analyse. Anne Abelsæth har trekt og tilrettelagd utvalet. Anne Vedø ved seksjon for metodar har berekna vekter for datamaterialet. Dag Gravem, Nina Berg og Kari-Anne Lund, også ved seksjon for metodar, var med i utforminga av spørjeskjemaet og gjennomførte brukartestar.

Seksjon for operasjonell forretningsstøtte har stått for utsendinga av informasjonsmateriell til respondentane og seksjon for brukarkontakt har, saman med seksjon for personundersøkingar, handtert førespurnadar frå respondentane undervegs i datainnsamlinga.

Statistisk sentralbyrå, 10. desember 2024

Ann-Kristin Brændvang

Innhold

Forord.....	3
1. Bakgrunn og formål	5
2. Nøkkeltal	6
3. Utval	7
4. Brukartesting av spørsmål.....	8
4.1. Hovudfunna frå brukartestane:	8
4.2. Tiltak i spørjeskjemaet:.....	9
5. Gjennomføring av undersøkinga.....	10
5.1. Planlegging og brukarkontakt	10
5.2. Datainnsamling.....	10
5.3. Feltperioden.....	10
6. Datakvalitet.....	12
6.1. Dekningsfeil.....	12
6.2. Utvalsskeivskap	12
6.3. Fråfallsskeivskap.....	12
6.4. Fråfall	13
6.5. Korrigering av fråfall (vektning)	14
6.6. Utvalsusikkerheit.....	15
6.7. Sammenligning av andeler	17
7. Innsamlings- og behandlingsfeil.....	18
7.1. Innsamlingsfeil.....	18
7.2. Behandlingsfeil	18
8. Tilrettelegging av data.....	19
8.1. Kontollar og feilrettingar.....	19
8.2. Registerkoplinger	19
9. Dokumentasjon av datafiler og publisering.....	22
9.1. Omkodingar	22
9.2. Publiseringar på ssb.no	23
10. Utlevering av data.....	24
10.1.Sikt.....	24
Vedlegg A: Utsendingstekstar.....	25
Vedlegg B: SMS-tekstar	29
Vedlegg C: Spørjeskjema	31

1. Bakgrunn og formål

Statistisk sentralbyrå har lang tradisjon for å gjennomføre levekårsundersøkingar, og dei første undersøkingane går tilbake til 1973. Dei ordinære, gjentakande levekårsundersøkingane samlar i hovudsak inn data frå personar som er 16 år og eldre. Tidlegare har det vorte gjennomført enkeltståande levekårsundersøkingar retta mot barn og unge (i 1997, 2001, 2007, 2013 og 2020). Det er eit behov for gjentakande undersøkingar til og om barn og unge, og det er mot denne bakgrunnen at undersøkinga om barn si fritid er vorte til. Frå og med 2024 blir undersøkinga gjennomført fast kvart 3 år.

Målet med undersøkinga er å kartlegge barn sin fysiske aktivitet i fritida. Dette inkluderer trening og deltaking i idrett, leik, og friluftsliv. Undersøkinga skal (1) skaffa indikatorinformasjon om omfanget av fysisk aktivitet, trening og friluftslivsdeltaking, (2) korleis dette utviklar seg over tid, og (3) korleis det fordeler seg blant barn og unge i befolkninga. I tillegg til tema fysisk aktivitet, idrett, leik og friluftsliv, er det stilt spørsmål om sosiale relasjoner og livskvalitet, skjermbruk oglivet heime. Undersøkinga består også av eit sett av spørsmål til føresette: om helsetilstanden til barna, om føresette sine eigne fysiske aktivitetsvanar, og i kva grad dei er involvert i barna sin idrettskvardag.

Utvalet omfattar 7 500 tilfeldig trekte barn i alderen 6-15 år. Av desse svarte 3 263 på undersøkinga. Det gir ein svarprosent på 44.

Til undersøkinga blir det kopla på registerbasert data om barnet og husstanden til barnet. Dette inkluderer opplysningar frå befolkningsregisteret, og informasjon om inntekt, arbeid, trygder, stønader og helse frå Skatteetaten og Nav. I tillegg nyttast informasjon frå kartverket og matrikkelen knytt til bustad.

Statistikk frå denne undersøkinga er publisert på [SSB sine nettsider](#). Det blir også sendt ei anonymisert fil til [Sikt](#) som kan nyttast av forskrarar og studentar.

2. Nøkkeltal

Undersøkinga om barn si fritid 2024 blei gjennomført som ei sjølvadministrert webundersøking. Tabell 1.1 viser nøkkeltala for undersøkinga. Nettoutvalet inneholder personar som har svart på alle bokane i skjemaet, altså til og med spørsmålet Friluft_vsh1 i spørjeskjemaet, noko som svarer til nesten heile undersøkinga. Sjå vedlegg C for spørjeskjemaet. Partielt fråfall syner personar som påbegynte undersøkinga, men avbratt før dette spørsmålet blei svart på.

Tabell 2.1 Nøkkeltal for undersøkinga om barn si fritid 2024

	Antal	Prosent
Utval	7 500	
Avgangar	23	
Bruttoutval	7 477	100
Påbegynte	686	9,2
Fråfall	3 528	47,2
Nettoutval	3 263	43,6
Innsamlingsmetode	Sjølvadministrert webskjema	
Feltperiode	15. april–1. mai 2024	
Intervjutid1	Gjennomsnitt: 13 minutt, median: 11 minutt	

Kjelde: Undersøkinga om barn si fritid 2024, Statistisk sentralbyrå

1 Intervjutid gjeld for dei som har påbegynt og fullført skjemaet same dag, og tidsbruk under fire og over tretti minutt er ikkje med.

3. Utval

Til undersøkinga blei det trekt eit landsrepresentativt utval på 7 500 barn i alderen 6 til 15 år som var busette i Noreg. Trekkgrunnlaget var 645 043 personar. Utvalet er trekt frå Folkeregisteret. For å få eit mest mogleg oppdatert utval, er det trekt så nært opptil intervjustart som praktisk mogleg. Utvalet blei trekt i mars. Alderen til personane i utvalet er berekna per 31. desember 2023, slik at vi berre skulle få med oss barn i skulealder i undersøkinga.

Vi kopla på informasjon om barna sine føresette for å kunne sende dei informasjon om undersøkinga. Vi hadde fleire kriterium for kva føresett vi skulle sende informasjonen til. Det første kriteriet var å velje den føresette med same bustadadresse og familienummer som barnet i Folkeregisteret. Viss barnet hadde same bustadadresse som begge føresette, valde vi den eldste personen i husstanden. I tillegg sjekka om denne personen var mor eller far til barnet, og viss den var det, valde vi denne. Viss personen ikkje var det, sjekka vi om ein annan på bustadadressa var det. Viss heller ikkje den andre personen var mor eller far til barnet, valde vi den eldste referansepersonen på bustadadressa. Barn som ikkje hadde nokre slike personar på bustadadressa si, blei satt til avgang. Det var 23 personar.

Barna sine føresette blei kopla mot Kontakt- og reservasjonsregisteret (KRR)¹ for å få tak i mobilnummeret og e-postadressa deira.

¹ Kontakt- og reservasjonsregisteret (KRR) er eit register over kontaktinformasjonen og reservasjonen til innbyggjarane, og er ei fellesløysing som alle offentlege verksemder skal bruke i tenesteutviklinga si. Det er Digitaliseringsdirektoratet som er behandlingsansvarleg for kontaktopplysingane i KRR.

4. Brukartesting av spørsmål

Undersøkinga om barn si fritid blei sist gjennomført i 2020. For å sikre at undersøkinga skulle bli best mogleg, blei spørjeskjemaet brukartesta vinteren 2023/2024. Spørjeskjemaet inneholdt tre delar: spørsmål om idrett, spørsmål om friluftsliv og ein modul for føresette med spørsmål om blant anna medlemskap i foreiningar og idrettslag. Du kan sjå heile spørjeskjemaet i vedlegg C.

Hovudmålsetjinga med brukartestane var å teste spørsmål om deltaking i fritidsaktivitetar. Utvalet består av barn i alderen 6–15 år, og ei målsetjing var å utvikle spørsmål som barna skulle klare å svare på sjølv. For at skjemaet skulle vere mest mogleg relevant for alle, var det skilnad mellom spørsmåla som blei stilt til dei yngste respondentane mellom 6 og 11 år og til dei eldste mellom 12 og 15 år.

Ein iterativ testserie i form av kognitive intervju og brukarvennlegheitstestar blei satt i verk, der erfaringar frå ein runde med testar blei brukt som grunnlag for revisjonar før neste runde med testing og så vidare. Dei aller fleste testane blei gjennomført som online-intervju gjennom Teams og med skjermdeling. Barna delte skjerm med moderatorane slik at vi som modererte testane kunne følje med på kva som gjekk føre seg på skjermen til barnet samstundes som vi lytta til samtalens mellom barnet og føresette når dei svarte på spørjeskjemaet. Moderator stilte oppfølgingsspørsmål undervegs der det oppstod behov for det.

Sidan brukartestane blei gjennomført med barn heilt ned i 5–6-årsalderen, var vi merksame på maktforholdet mellom den vaksne som leia testane, og barna som deltok. I testane var moderatorane spesielt merksame på risikoen for å påverke barna til å svare på ein bestemt måte for å gjere moderator nøgd. I testane med dei yngste barna var føresette gjerne til stades, både for å hjelpe med teknisk støtte, men òg rettleie eige barn når det var nødvendig. Også her merka vi at det asymmetriske maktforholdet mellom føresette og barn kunne påverke svara. Dette kunne skje ved at barna sa seg einige utsegna til dei føresette, eller at dei føresette korrigerte svara til barna så de ikkje berre blei korrekt, men kanskje også meir sosialt ønskelege.

Testrespondentane blei rekruttert via nettverket med utgangspunkt i tilsette i SSB. Totalt deltok 19 barn og unge i brukartestane. Av dei var 9 jenter og 10 gutter, og 11 barn var i alderen 5–11 år medan 8 var 12–15 år gamle.

4.1. Hovudfunna frå brukartestane:

- Respondentane syntest det var vanskeleg å svare ja/nei på spørsmål om dei hadde drive med ein spesifikk aktivitet, sjølv om respondentane fekk moglegheit til å presisere hyppigheit på aktiviteten i oppfølgingsspørsmåla.
- Ein har observert at barnerespondentar har ein forsterka «ja-seeing». Dette kan skyldast at det er demotiverande for respondentane å svare nei på mange spørsmål på rad, særleg for barn som ikkje driv med idrett eller friluftsaktivitetar og derfor kan oppleve skjema som lite relevant.
- Automatisk navigasjon i skjemaet fungerer därlegare kognitivt enn at respondenten sjølv må trykke på ein «neste»-knapp for å gå vidare til neste spørsmål.
- Respondentane hadde utfordringar med å tolke vase eller samansette omgrep som «fritidsklubb», «allidrett» eller «husarbeid».
- Det var utfordrande for respondentane å forhalda seg til referanseperiodar som «sist veke» eller «siste veka». Vi observerte òg at det var krevjande å lage eit gjennomsnitt over regelmessigkeit for aktivitetar som ikkje var så regelmessige.
- Etter brukartestane så ein eit behov for eit tydeleg aldersskilje, der det var nokre spørsmål som ikkje var relevante for dei eldste barna og omvendt.

- Nokre av spørsmåla kan føre til overlapp i rapportering av aktivitetar, som for eksempel spørsmål om styrketrening. Styrketrening inngår også som aktivitet i treninga i andre idrettar og aktivitetar.
- Barna i brukartestane evna ikkje alltid å generalisere frå eksempla som blei gitt i spørsmåla.

4.2. Tiltak i spørjeskjemaet:

- Ja/nei spørsmål blei ikkje brukt om enkeltidrettar. Ein spurde heller «Kva slags sport eller idrett går du på?» og respondenten kunne velje fleire frå ei liste. Dersom idretten barnet dreiv med ikkje var på lista, kunne dei skrive inn idretten/sporten i eit tekstfelt.
- Automatisk navigasjon blei ikkje brukt i skjema, og respondentane måtte sjølv trykke på neste for å komme vidare
- Vi la til forklaring på kva som blei rekna som «den siste veka». For eksempel «Tenk på den siste veka, altså dei 7 siste dagane.»
- Vi avgrensa bruken av abstrakte omgrep så mykje som mogleg.
- Vi tilpassa skjema til dei yngste som deltok i undersøkinga (6- til 11 åringer) og dei eldste (12- til 15 åringer). For eksempel blei nokre av spørsmåla ikkje stilt til dei yngste respondentane.

I tillegg til at det blei gjort tiltak for barna i skjema, blei nokre spørsmål også testa på føresette fordi dei skulle svare på den første delen av undersøkinga. Desse spørsmåla var i utgangspunktet lagt opp som påstandsspørsmål. Frå spørjeskjemametodikk-litteraturen veit vi at rangeringsspørsmål og påstandsspørsmål kan vere noko av det kognitivt vanskelegaste å svare på for respondentar. I brukartestane undersøkte vi kva metode som høver best for at føresette best mogleg kan svare på spørsmål om kva som hindrar barn frå å delta i aktivitetar. Vi kom ikkje fram til ein konklusjon om korleis ein best stiller spørsmål knytt aktivitetsbarrierar etter brukartestane. Derfor gjennomførte vi eit eksperiment der halvparten av dei føresette fekk påstandsspørsmål, og den andre halvparten fekk fleirvalsspørsmål. På denne måten kan ein lære meir om skilnadene i datagrunnlaget ved å ha fleirvalsspørsmål eller påstandsspørsmål. Resultata frå eksperimentet blir dokumentert i ein eigen rapport eller vitskapeleg artikkel.

For å redusere oppgåvebyrda mest mogleg for respondentane, komplementerer vi informasjonen frå spørjeskjemaet med informasjon frå register. Variablane frå register er dokumenterte i kapittel 8.2.

5. Gjennomføring av undersøkinga

5.1. Planlegging og brukarkontakt

I produksjon av nasjonal statistikk og data til forsking er det viktig å ha kontakt med brukarar av statistikken. I samband med utforminga av spørjeskjema starta vi hausten 2023 med å bygge skjemaet med utgangspunkt i undersøkinga frå 2020. Når utkast til nytt skjema var klart ble dette sendt til interessentar (direktorat, departement, høgskular og universitet, andre forskrarar og institutt) per e-post. Interessentane gav tilbakemeldingar på innhaldet i undersøkinga, noko som vart teke med i den vidare behandlinga av skjemaet. Det første utkastet av skjemaet var klart hausten 2023. Deretter gjekk skjemaet vidare til brukartestinga, som er beskrive i førra kapittel. Ferdig utkast av skjemaet var klart våren 2024.

5.2. Datainnsamling

Undersøkinga om barn si fritid blei gjennomført ved bruk av eit sjølvadministrert webskjema. Fordelen med ei webundersøking er at ein kan nå mange respondentar til ein relativt låg kostnad. Datainnsamlingsperioden kan i tillegg avgrensast til eit relativt kort tidsrom fordi dei fleste vel å svare rett etter at vi har sendt oppmodingar om svar.

Ved oppstart av undersøkinga blei det sendt ut informasjonsbrev om undersøkinga og SMS til føresette for alle som var trekte ut. Sjå vedlegg A og B for utsendingstekstar. Informasjonsbrev og påminningar blei sendt via Altinn og på SMS til respondentane sine føresette for å sikre dei føresette sitt samtykke til deltaking. Formålet med informasjonsbrevet er å sørge for at både dei føresette og barnet blir orienterte om temaet for undersøkinga, gjennomføring og personvern i forkant av intervjuet, og at dei får opplysingar om korleis dei skal delta. Dei som vi ikkje hadde e-postadressa til i Kontakt- og reservasjonsregisteret (KRR), fekk brev i posten. Det var 102 personar.

I informasjonsbrevet og i skjemaet bad vi om at ein føresett skulle svare på første del av undersøkinga. For barn som var 6–11 år bad vi om at ein føresett skulle hjelpe til når barnet skulle svare på resten av spørsmåla, og for barn som var 12–15 år bad vi om at den føresette skulle vere i nærleiken for å hjelpe ved behov. Skjemaet starta altså med spørsmål til føresette om blant anna hindringar for barnet si deltaking i organisert idrett og den føresette si eiga deltaking i idrett. Når denne delen av skjemaet var svart på, starta delen som barnet skulle svare på sjølv. Da var det ikkje mogleg å komme tilbake til spørsmåla den føresette hadde svart på. Sjå vedlegg C for spørjeskjemaet.

Spørjeskjemaet blei programmert slik at det automatisk blei tilpassa ulike skermstørrelsar. Det var to layoutar der den eine blei tilpassa små eininger, som mobiltelefonar, og den andre store eininger, som nettbrett eller datamaskin. Det var 78 prosent som svarte på liten skjerm og 22 prosent som svarte på stor skjerm.


5.3. Feltperioden

Feltperioden for undersøkinga varte i to veker og tre dagar, frå 15. april til 1. mai 2024. Datainnsamlinga starta samtidig for alle respondentane. Alle fekk invitasjon til å delta 15. april og deretter påminningar undervegs om dei ikkje hadde svart på undersøkinga. For respondentane som fekk invitasjonsbrev per post, blei breva sendt ut 10. april. Deretter fekk dei første SMS 15. april.

Figur 5.1 viser antal intervju per dag og utvikling i svarprosent gjennom feltperioden. Hovudandelen av intervjuet blei gjennomført dei første dagane etter hovudutsendinga 15. april. Vi fekk flest intervju etter at vi sendte den første påminninga. Det heng sannsynlegvis saman med tidspunktet på døgnet for utsendinga.

Hovudutsendinga blei sendt kl. 10:00 om formiddagen, mens den første påminninga blei sendt på ettermiddagen rundt kl. 17:30. Det er større sannsyn for at den føresette som får informasjonen er saman med barnet sitt om ettermiddagen, noko som gav utslag i svarinngangen. Utsendingstidspunkt er altså viktig for å få intervju når det er den føresette til barnet som får lenke til undersøkinga. Vidare er det også ganske god effekt av dei andre påminningane som blei sendt. For eksempel ser vi at svarinngangen økte særleg 23. april. Den 29. april sendte vi ei siste påminning på SMS til dei som hadde påbegynt skjemaet, men ikkje fullført, som eit tiltak for å få fleire svar. Figur 5.1 viser at det også gav ein effekt.

Figur 5.1 Antal intervju per dag og utvikling i svarprosent



Kjelde: Undersøkinga om barn si fritid 2024, Statistisk sentralbyrå

Tabell 5.1 viser kva datoar vi sendte ut invitasjonsbrev og påminningar. Påminning 1 og 2 bestod av både brev i Altinn og SMS til dei som kunne få begge delar. Påminning 3 og 4 bestod av høvesvis berre SMS og berre brev i Altinn. For dei som hadde påbegynt webskjemaet, men ikkje fullført, sendte vi ut eigne påminningar. For respondentane som fekk invitasjonsbrev per post, blei breva sendt ut 10. april og deretter fekk dei første SMS 15. april. Det var 102 respondentar som fekk invitasjonsbrev per post.

Tabell 5.1 Dato og tidspunkt for utsendingar

Utsending	Dato	Tidspunkt
Hovudutsending (Altinn og SMS)	15. april	Ca. 10:00
Påminning 1 (Altinn og SMS)	17. april	Ca. 17:30
Påminning 2 (Altinn og SMS)	19. april	Ca. 16:00
Påminning 3 (SMS)	23. april	Ca. 17:30
Påminning 4 (Altinn)	27. april	Ca. 10:00
Påbegynte 1 (Altinn og SMS)	17. april	Ca. 17:00
Påbegynte 2 (Altinn)	23. april	Ca. 17:00
Påbegynte 3 (SMS)	29. april	Ca. 17:30

Kjelde: Undersøkinga om barn si fritid 2024, Statistisk sentralbyrå

6. Datakvalitet

I ei utvalsundersøking blir kvaliteten på dataa som blir samla inn bestemd av ei rekke forhold. Vi skal her sjå nærmare på nokre forhold som kan ha betydning for kvaliteten.

6.1. Dekningsfeil

Målpopulasjonen i denne undersøkinga er barn i den norske befolkninga i alderen 6–15 år. Dekningsfeil vil seie at nokre personar feilaktig har komme med i populasjonen eller at nokon som skulle ha vore med, ikkje har komme med. Kvaliteten på trekkekjelda for denne undersøkinga, altså Folkeregisteret, er så god at dekningsfeil ikkje blir rekna for å vere eit reelt problem.

Av dei 7 500 personane som utgjorde utvalet i undersøkinga, blei 23 koda som avgang. Dei blei koda som avgang fordi dei ikkje hadde nokre vaksne personar på same bustadadresse. Dermed hadde vi ikkje nokre føresette å kontakte for å informere om undersøkinga.

6.2. Utvalsskeivskap

Utvalsskeivskap inneber at fordelinga av eit bestemt kjenneteikn er annleis blant dei som er trekte ut til undersøkinga enn ho er for populasjonen. Slik utvalsskeivskap kan oppstå i utvalstrekkinga kor tilfelle kan føre til at enkelte kjenneteikn, som for eksempel alder, utdanning og bustad, er ulikt fordelt i utvalet og i populasjonen. Denne skeivskapen skyldast tilfelle i trekkinga. Dersom det er slik at nokre grupper er underrepresentert i utvalet, vil de veie for lite i dei samla resultata. Det vil igjen bety at det vi har av data etter enda undersøking ikkje representerer eit tverrsnitt av den norske befolkninga. For å forhindre utvalsskeivskap blir det kontrollert for utvalsskeivskap når det gjeld kjønn, alder og fylke under trekkrutinen, og vi kan derfor sjå vekk i frå utvalsskeivskap for desse kjenneteikna i denne undersøkinga.

6.3. Fråfallsskeivskap

Antalet personar vi står igjen med etter at avgangar er fjerna, blir kalla bruttoutval. Bruttoutvalet er det utvalet vi faktisk forsøker å intervju. Antalet personar vi oppnår intervju med, blir kalla nettoutval. Differansen mellom netto- og bruttoutvalet blir kalla fråfall. Fråfall er ei kjelde til skeivskap i ei utvalsundersøking. Fråfallet er dei personane som vi av ulike grunnar ikkje får intervju, og det kan skyldast at vi ikkje får kontakt med dei, at dei ikkje ønsker å delta eller ikkje har anledning.

Når fordelinga mellom brutto- og nettoutvalet for eit bestemt kjenneteikn er annleis blant dei som svarte enn blant dei som blei forsøkt intervju, kan det føre til skeivskap. Det inneber at nettoutvalet ikkje er statistisk representativt for målgruppa. Skeivskap i forhold til eitt kjenneteikn medfører ikkje nødvendigvis at nettoutvalet er skeivt i forhold til andre kjenneteikn. På den andre sida gir godt samsvar mellom fordelingane i nettoutvalet og bruttoutvalet for eitt eller fleire kjenneteikn ingen garanti for at utvalet ikkje er skeivt på andre kjenneteikn.

I vurderinga av skeivskap bør ein knyte større merksemd til skeivskap som skyldast fråfall enn til andre former for skeivskap. Dette skyldast at dei personane som deltar kan skilje seg systematisk frå de som ikkje deltar. I tabell 6.1 undersøker vi om det er skeivskap grunna fråfall for kjenneteikna kjønn, alder og landsdel for barna og utdanningsnivået til den av dei føresette som har høgast fullført utdanningsnivå. Det gjer vi ved å samanlikne fordelingane i bruttoutvalet med fordelingane i nettoutvalet. Er det store avvik mellom netto- og bruttoutvalet, kan det vere fråfallsskeivskap. Med betydeleg avvik meiner vi her ≥ 1 prosentpoeng.

Tabell 6.1 Bruttoutval, nettoutval og differanse netto-brutto fordelt på kjønn, alder, fylke og utdanningsnivået til føresette. Prosent

	Bruttoutval	Nettoutval	Differanse netto-brutto
Kjønn			
Gutar	50,8	51,2	0,4
Jenter	49,2	48,8	-0,4
Alder			
6-11 år	58,3	60,5	2,2
12-15 år	41,7	39,5	-2,2
Fylke			
Akerhus	14,4	15,4	0,9
Oslo	11,1	10,9	-0,1
Vestland	12,6	12,2	-0,4
Rogaland	10,6	10,7	0,1
Trøndelag	8,3	8,2	-0,1
Innlandet	6,1	5,6	-0,5
Agder	6,4	6,5	0,1
Østfold	5,6	5,7	0,1
Møre og Romsdal	4,9	5,0	0,1
Buskerud	4,8	4,3	-0,6
Vestfold og Telemark ¹	7,5	7,5	0,0
Nordland	3,9	4,0	0,1
Troms og Finnmark ²	3,8	3,9	0,1
Utdanningsnivået til føresette			
Grunnskole eller lågare	11,1	9,3	-1,8
Vidaregående	24,9	22,1	-2,7
Universitet- og høgskoleutdanning	59,7	64,7	5,0
Ikkje oppgitt	4,4	3,9	-0,5
Antal personar	7 477	3 263	

1 Dei to fylka Vestfold og Telemark er slått saman i tabellen.

2 Dei to fylka Troms og Finnmark er slått saman i tabellen.

Kjelde: Undersøkinga om barn si fritid 2024, Statistisk sentralbyrå

Vi finn dei største avvika mellom brutto- og nettoutvalet for kjenneteikna alder og det høgaste fullførte utdanningsnivået til føresette. Når det gjeld alder, er gruppa 12-15 år underrepresentert i nettoutvalet i forhold til bruttoutvalet med omrent 2 prosentpoeng, og aldersgruppa 6-11 år tilsvarande overrepresentert. For kjenneteiknet utdanningsnivået til føresette, er barn med føresette med utdanning på høgskole- eller universitetsnivå overrepresentert og barn med føresette med utdanning på vidaregåande- eller grunnskolenivå underrepresentert. For fylke og kjønn er skilnadane små.

Skilnadane mellom brutto- og nettoutvalet ser ikkje ut til å vere kritiske for kor representativt utvalet er, men ved utarbeiding av statistikk og analyser er det anbefalt å bruke fråfallsvekter for å korrigere for fråfallsskeivskap (sjå kapittel 6.5).

6.4. Fråfall

Vi vil aldri kunne få svar frå alle som er trekta ut til ei undersøkinga. Det vil alltid vere personar som av ulike årsaker ikkje kan eller vil delta. Tabell 6.2 gir ei oversikt over svarprosent, andel påbegynte og andel fråfall i undersøkinga fordelt etter kjenneteikna kjønn, alder, landsdel og utdanningsnivået til føresette. Påbegynt er personar som har svart på minst eitt spørsmål, men som avbraut før Friluft_vsh1 i spørjeskjemaet. Fråfall inkluderer personar vi ikkje kjem i kontakt med i løpet av datainnsamlingsperioden, dei som ikkje ønsker å delta eller er forhindra frå å delta. Det inkluderer også dei som har logga inn i skjemaet, men ikkje svart på nokre spørsmål. Ettersom undersøkinga er ei webundersøking, veit vi ikkje så mykje om kvifor nokon ikkje har svart. Det er få personar som har nytta seg av SSB si svarteneste for å informere om at dei ikkje ønskte å delta i undersøkinga eller at dei vart forhindra frå å delta. Andelen påbegynte er høgare enn i andre undersøkingar. Det kan ha samanheng med at spørjeskjemaet er delt i to, med ein del som dei føresette skal svare på og ein

del som barna skal svare på. Det krev at barn og føresette er i nærleiken av kvarandre når dei skal svare.

Tabell 6.2 Svarprosent, påbegynte fråfall fordelt på kjønn, alder, fylke og utdanningsnivået til føresette. Prosent

	Intervju	Påbegynt	Fråfall	Antal
I alt	43,6	9,2	47,2	7 477
Kjønn	44,0	9,0	47,0	3 797
Gutar	43,3	9,4	47,4	3 680
Jenter				
Alder	45,3	9,4	45,3	4 360
6-11 år	41,4	8,9	49,8	3 117
12-15 år				
Fylke				
Akerhus	46,4	9,1	44,5	1 079
Oslo	43,1	9,8	47,1	828
Vestland	42,3	9,2	48,5	944
Rogaland	44,2	10,9	44,9	791
Trøndelag	43,2	7,4	49,4	622
Innlandet	40,0	8,6	51,4	455
Agder	44,7	8,6	46,8	477
Østfold	44,7	6,0	49,3	416
Møre og Romsdal	44,4	8,5	47,1	365
Buskerud	38,4	10,5	51,1	362
Vestfold og Telemark ¹	43,6	12,2	44,1	564
Nordland	43,2	7,4	49,4	622
Troms og Finnmark ²	45,2	9,5	45,2	283
Utdanningsnivået til føresette				
Grunnskole eller lågare	36,6	10,8	52,6	827
Vidaregående	38,8	7,3	53,8	1 859
Universitet- og høgskoleutdanning	47,3	9,5	43,2	4 461
Ikkje oppgitt	38,8	11,8	49,4	330

1 Dei to fylka Vestfold og Telemark er slått saman i tabellen.

2 Dei to fylka Troms og Finnmark er slått saman i tabellen.

Kjelde: Undersøkinga om barn si fritid 2024, Statistisk sentralbyrå

Det er liten skilnad i svarprosent og fråfall mellom kjønna. Vi finn nokre skilnadar etter alder.

Svarprosenten er lågast i aldersgruppa 12-15 år, med omtrent 4 prosentpoeng. Det er også nokre skilnadar mellom de ulike landsdelane. For eksempel har Innlandet og Buskerud lågast svarprosent og høgast andel fråfall, medan Vestfold og Telemark har størst andel påbegynte. Det er størst skilnad i svarprosent og fråfall etter det høgaste fullførte utdanningsnivået til føresette. Barn med føresette med utdanning på universitets- eller høgskulenivå har lågast fråfall i undersøkinga.

6.5. Korrigering av fråfall (vektning)

Bruttoutvalet er trekt slik at det skal speile befolkninga. Dersom fråfallet ikkje er like stort i alle grupper ein deler inn i vil ikkje lenger nettoutvalet være fullt ut representativt. Denne skeivskapen vil variere med gruppeinndeling og kva slags variabel ein ser på. For å korrigere for noko av skeivskapen nettoutvalet har i forhold til populasjonen den er trekt frå, lagast det ei vekt. Det vil sei at vi lar personar med kjenneteikn som er underrepresenterte telle meir, mens personar med kjenneteikn som er overrepresenterte teller mindre.

Vektvariabelen heiter *vekt* på datafila.

Følgande kjenneteikn inngår i fråfallsvekttinga:

Kjønn (gut, jente) aldersgruppe (6-11 år, 12-15 år), foreldre si høgaste fullførte utdanning (Ungdomsskule eller kortare [NUS-kode 0-2], Vidaregående skule [NUS-kode 3-4], Høgare utdanning

kort [NUS-kode 5-6], Høgare utdanning lang [NUS-kode 7-8], Ikkje oppgitt [NUS-kode 9]), inntekt (Inntektskvartilar basert på inntekt etter skatt per forbrukseining), innvandringsstatus (1. Innvandrarar frå Afrika, Asia etc., 2. Innvandrarar frå EU/EØS etc., 3: Annan befolkning). Vektene blir laga ved å kalibrere ei startvekt mot marginalfordelingar for vektvariablane. Alle personar har likt treksannsyn, så startvekta er lik for alle. Kalibreringa sørger for at vekta fordeling i nettoutvalet blir lik populasjonsfordelinga for variablane kjønn, aldersgruppe, foreldre si høgaste utdanning, foreldre si samla inntekt og innvandringsbakgrunnen deira.

Tabell 6.3 Variablar som inngår i vekta. Prosent

	Populasjon	Netto
Kjønn		
1: Gutar	51,4	51,2
2: Jenter	48,6	48,8
Alder		
1: 6 – 11 år	48,0	49,8
2: 12 – 15 år	52,0	50,2
Foreldres utdanning		
1: Ungdomsskule eller kortare	10,1	8,3
2: Vidaregåande skule	25,8	22,6
3: Høgare utdanning kort	37,0	39,0
4: Høgare utdanning lang	26,0	29,5
5: Ikkje oppgitt	1,1	0,7
Foreldres inntekt¹		
1. Lågaste inntektskvartil	25,0	22,6
2. inntektskvartil	25,0	22,9
3. Inntektskvartil	25,0	26,3
4. Høgaste inntektskvartil	25,0	28,3
Innvandringsstatus		
1: Annan befolkning	90,7	89,7
2: Innvandrarar frå EU/EØS etc.	2,6	2,7
3: Innvandrarar frå Afrika, Asia etc.	6,6	7,7

1 Foreldra si inntekt er basert på summen av mor og far si samla inntekt. Missingsverdiar er sette til 0 i vekteprosedyren.

For kjønn er fordelinga veldig lik i utval og populasjon. Når det gjeld alder ser vi at den yngste aldersgruppa er noko overrepresentert i svarutvalet. For foreldre sine kjenneteikn, er gruppa med høgast utdanning noko overrepresentert i svarutvalet. Tilsvarende er gruppa med høgast inntekt overrepresentert i svarutvalet. Vektene justerer for desse forskjellane, slik at nettoutvalet blir meir likt populasjonen.

6.6. Utvalsusikkerheit

I utvalsundersøkingar kan vi ikkje vere heilt sikre på at det resultatet vårt ville ha vore det same som ved ei totalteljing. For å måle grad av usikkerheit knytt resultatet for eit gitt kjenneteikn på personane i utvalet kan ein nytte standardfeilen. Ved hjelp av standardfeilen er det mogleg å berekne eit intervall som inneheld den sanne verdien av ein berekna storleik (den verdien vi ville ha fått dersom vi hadde gjennomført ei totalteljing i staden for ei utvalsundersøking), det som blir kalla konfidensintervall.

Dess mindre eit utval er, dess mindre sikre kan ein vere på at resultata utvalet gir kan generaliserast tilbake til populasjonen utvalet er trekt frå. Viss vi eksempelvis observerer at 15 prosent av gutane i eit utval driv med ein idrettsaktivitet, kan vi ved hjelp av standardfeilen berekna eit konfidensintervall som med eit bestemt sannsyn inneheld den sanne verdien i populasjonen. I Tabell 6.4 finn vi at anslaget på standardfeilen til det observerte prosenttalet på 15 er 0,9 viss talet på observasjonar er 1 671. For å rekna ut konfidensintervallet bruker vi då formelen observert prosentdel $\pm(2 \times \text{standardfeil})$. Vi får då eit konfidensintervall for den sanne verdien som går frå 13,2 til 16,8 prosent. Ser vi på ei endå mindre gruppe blir konfidensintervallet større, og det blir også

større dersom den observerte prosentdelen nærmar seg 50. La oss til dømes sia at 25 prosent av alle frå Møre og Romsdal har utført ein idrettsaktivitet. Med formelen over får vi då eit konfidensintervall som strekker seg frå 18,2 til 31,8 prosent. Til samanlikning kan vi berekna konfidensintervall for ein observert prosentdel på 5 i heile utvalet. Då får vi eit intervall frå 4 til 6 prosent. Ofte er det ønskjeleg å samanlikna prosenttal for fleire grupper. Når to usikre tal blir samanlikna, vil uvissa til forskjellen mellom dei bli større enn uvissa om kvart enkelt tal (samanlikning av andelar i to ulike grupper er forklarte i kapittel 6.7).

Tabell 6.4 Forventa standardfeil for observerte prosentdelar ved ulike utvalsstorleikar

	n:	95 5	90 10	85 15	80 20	75 25	70 30	65 35	60 40	50 50
Alle personar	3263	0,5	0,7	0,9	1,0	1,1	1,1	1,2	1,2	1,2
Gut	1671	0,5	0,8	0,9	1,0	1,1	1,1	1,2	1,2	1,3
Jente	1592	0,5	0,8	0,9	1,0	1,1	1,1	1,2	1,2	1,3
Alder										
6-11 år	1973	0,5	0,7	0,8	0,9	1,0	1,0	1,1	1,1	1,1
12-16 år	1290	0,6	0,8	1,0	1,1	1,2	1,3	1,3	1,4	1,4
Fylke										
Oslo	357	1,2	1,6	1,9	2,1	2,3	2,4	2,5	2,6	2,6
Rogaland	350	1,2	1,6	1,9	2,1	2,3	2,5	2,6	2,6	2,7
Møre og Romsdal	162	1,7	2,4	2,8	3,2	3,4	3,6	3,8	3,9	3,9
Nordland	131	1,9	2,6	3,1	3,5	3,8	4,0	4,2	4,3	4,4
Østfold	186	1,6	2,2	2,6	2,9	3,2	3,4	3,5	3,6	3,7
Akershus	501	1,0	1,3	1,6	1,8	1,9	2,0	2,1	2,2	2,2
Buskerud	139	1,9	2,6	3,0	3,4	3,7	3,9	4,1	4,2	4,3
Innlandet	182	1,6	2,2	2,7	3,0	3,2	3,4	3,5	3,6	3,7
Vestfold og Telemark ¹	246	1,4	1,9	2,3	2,6	2,8	2,9	3,0	3,1	3,2
Agder	213	1,5	2,1	2,5	2,7	3,0	3,1	3,3	3,4	3,4
Vestland	399	1,1	1,5	1,8	2,0	2,2	2,3	2,4	2,5	2,5
Trøndelag	269	1,3	1,8	2,2	2,4	2,6	2,8	2,9	3,0	3,1
Troms og Finnmark ²	128	1,9	2,7	3,2	3,5	3,8	4,1	4,2	4,3	4,4
Innvandrerstatus										
Annan befolkning	2924	0,4	0,6	0,7	0,7	0,8	0,8	0,9	0,9	0,9
Innvandrar frå EU/EØS etc.	87	2,4	3,2	3,9	4,3	4,7	4,9	5,1	5,3	5,4
Innvandrar frå Afrika, Asia etc.	250	1,4	1,9	2,3	2,5	2,7	2,9	3,0	3,1	3,2
Foreldre si inntekt										
1. Lågaste inntektskvar til	761	0,8	1,1	1,3	1,5	1,6	1,7	1,7	1,8	1,8
2. inntektskvar til	802	0,8	1,1	1,3	1,4	1,5	1,6	1,7	1,7	1,8
3. Inntektskvar til	805	0,8	1,1	1,3	1,4	1,5	1,6	1,7	1,7	1,8
4. Høgaste inntektskvar til	895	0,7	1,0	1,2	1,3	1,4	1,5	1,6	1,6	1,7
Foreldre si utdanning										
Ungdomsskule eller kortare	180	1,6	2,2	2,7	3,0	3,2	3,4	3,6	3,7	3,7
Vidaregåande skule	722	0,8	1,1	1,3	1,5	1,6	1,7	1,8	1,8	1,9
Høgare utdanning kort	1239	0,6	0,9	1,0	1,1	1,2	1,3	1,4	1,4	1,4
Høgare utdanning lang	930	0,7	1,0	1,2	1,3	1,4	1,5	1,6	1,6	1,6
Ikkje oppgitt	192	1,6	2,2	2,6	2,9	3,1	3,3	3,5	3,5	3,6

¹ Dei to fylka Vestfold og Telemark er slått saman i tabellen.² Dei to fylka Troms og Finnmark er slått saman i tabellen.

6.7. Sammenligning av andeler

Vi ønskjer ofte å samanlikna andelen med ein gitt eigenskap i to ulike grupper. Det vi ønskjer å vita, er om desse andelane er ulike i populasjonen vår, medan data vi har tilgang til berre er eit utval frå denne populasjonen. Utvalsdata er prega av uvisse, og ein forskjell mellom andelane i utvalet treng ikkje å bety at det faktisk er ein forskjell i populasjonen. For å finna ut om ein observert forskjell i datamaterialet faktisk reflekterer ein reell forskjell i populasjonen, eller om han like gjerne kan forklarast ved slump i utvalet, blir hypotesetesting brukt.

Vi kallar dei faktiske andelane i dei to gruppene i populasjonen for p_1 og p_2 , og dei tilsvarende andelane i utvalet \hat{p}_1 og \hat{p}_2 . Vi vil testa hypotesen $H_0: p_1 = p_2$ mot alternativet $H_1: p_1 \neq p_2$. For å testa H_0 , kan vi brukta følgjande berekning:

$$T = \frac{|\hat{p}_1 - \hat{p}_2|}{\sqrt{\hat{p}_0(100 - \hat{p}_0) \left(\frac{1}{n_1} + \frac{1}{n_2}\right)}}$$

Oversida av brøkstreken viser differansen mellom andelane i utvalet, mens undersida av brøkstreken viser den estimerte standardfeilen til differansen mellom andelane i utvalet. Her er \hat{p}_0 den estimerte andelen gitt at hypotesen H_0 er riktig², og n_1 og n_2 er utvalsstorleiken i kvar av dei to gruppene.

Når H_0 er sann, dvs. når dei to andelane i populasjonen faktisk er like, har T ei kjend fordeling (tilnærma standard normalfordeling). Viss T blir unormalt stor eller liten samanlikna med denne kjente fordelinga, kan vi derfor konkludere at H_0 sannsynlegvis er feil, og at det er rimeleg å tru at populasjonsandelane er ulike.

Grensa for T er omtrent 2 på 5-prosentnivå (altså blir H_0 forkasta viss T er større enn 2). Det betyr at det med denne grensa er 5 prosent sjanse for å feilaktig konkludera at det er ein forskjell.

Eksempelvis kan vi kontrollera om det er nokon signifikant forskjell mellom gutar og jenter i andelen som spelar handball. 21 prosent av jentene i utvalet seier at dei gjer dette, medan dette gjeld 9 prosent av gutane. Frå tabell x kan vi lesa at i desse gruppene svarte høvesvis 1 592 og 1 671 personar, og standardfeila for desse prosentandelane blir altså på 1,0 og 0,8. Frå dette kan vi henta ut T -verdien:

$$T = \frac{|21 - 9|}{\sqrt{15(100 - 15) \left(\frac{1}{1592} + \frac{1}{1671}\right)}} = 9,6$$

T -verdien er altså 9,6 og er derfor klart større enn 2, som er grensa for signifikans på 5-prosentnivå. Vi kan derfor konkludera med meir enn 95 prosents tryggleik at den observerte forskjellen i handballspeling mellom jenter og gutar ikkje er tilfeldig.

² \hat{p}_0 blir rekna ut med denne formele: $\hat{p}_0 = \frac{n_1 \hat{p}_1 + n_2 \hat{p}_2}{n_1 + n_2}$ der \hat{p}_1 og \hat{p}_2 er andelane i utvala og n_1 og n_2 er storleiken på utvala.

7. Innsamlings- og behandlingsfeil

I alle ledd i ei undersøking kan det bli introdusert feil som påverkar kva som blir målt. Ein organiserer datafangsten slik at det ikkje blir introdusert unødvendige feilkjelder. Likevel vil det alltid kunne førekome feil som følge av datainnsamlingsmetode, spørsmåla i skjemaet og under behandling av data.

7.1. Innsamlingsfeil

Datainnsamlinga i Undersøkinga om barn si fritid gjekk føre seg ved bruk av eit sjølvadministrert webskjema. Respondenten fylte ut skjemaet på ein dataskjerm eller mobilskjerm og fekk opp eitt eller fleire spørsmål om gongen.

Samanlikna med datainnsamling gjennom telefonintervju, har webskjema fleire fordelar. Det kan opplevast ganske likt av alle, og vi antar at den som svarer ikkje i like stor grad vil gi like sosialt ønskelege svar som når dei blir intervjua av ein person. Det kan vere at ein likevel introduserer skeivskapar som ei følge av at webskjemaet for eksempel ikkje vil fungere på alle mobilar eller nettlesarar. Vi har prøvd å designe skjemaet slik at det kan nyttast av flest mogleg.

Bruk av webskjema gir moglegheiter for å tilpasse spørsmåla slik at dei stemmer overeins med situasjonen til respondentane og svar på tidlegare spørsmål. Det er også mogleg med kontroll av svarkonsistens mellom ulike spørsmål. Ved bruk av kontollar der det er mest nødvendig, unngår ein registrering av ugyldige verdiar. Ein må likevel vere forsiktig med å legge inn for mange kontollar på web fordi det er viktig å unngå situasjoner der respondentane kjerner at det blir vanskeleg eller umogleg å gi svar. Dette kan føre til at dei avbryt utfyllinga. I undersøkinga er det få kontollar. Dersom respondentane forsøker å gå vidare frå eit spørsmål utan å gi svar, dukkar svaralternativa «Veit ikkje» eller «Ønsker ikkje å svare» opp, så dei må likevel markere eitt svar for å komme vidare i skjemaet.

Innsamlingsfeil kan også komme av at respondenten gir feil svar. Det kan skyldast vanskar med å hugse forhold tilbake i tid. Det kan også skyldast at spørsmål blir misforstått eller feilberekna, eller gjeld kompliserte forhold. I denne undersøkinga spør vi om kor ofte barnet driv med aktivitetar, og det kan vere vanskeleg for yngre barn å vurdere kor ofte dei gjer dei ulike aktivitetane, særleg for sesongprega aktivitetar som skigåing eller bading. Innsamlingsfeil kan også oppstå fordi visse spørsmål av nokre blir oppfatta som sensitive. Respondentane kan i slike tilfelle bevisst gi uriktige svar. Spørsmål om kva som hindrar barnet i å drive med fritidsaktivitetar kan for eksempel bli oppfatta som sensitivt av enkelte respondentar.

7.2. Behandlingsfeil

Behandlingsfeil er avvik mellom den verdien som blir registrert inn og den verdien som til slutt blir rapportert ut. Slike feil kan oppstå for eksempel under omkodingar. Vi har kontrollert dataa frå denne undersøkinga utan at vi har oppdagat feil som kan ha betydning for resultata.

Når ein har retta opp feil så langt det er mogleg, er erfaringa at dei statistiske resultata i dei fleste tilfelle blir forholdsvis lite påverka av både innsamlings- og behandlingsfeil. Verknaden av feil kan likevel vere av betydning i nokre tilfelle. Det gjeld særleg viss feilen er systematisk, det vil seie at den same feilen blir gjort relativt ofte. Tilfeldige feil har forventninga 0, og medfører ikkje skeivskap i estimata. Ein tenker seg at feil som ikkje er systematiske trekker like mykje i kvar retning, og at dei derfor har svært liten effekt.

8. Tilrettelegging av data

Data som samlast inn under intervjuet kompletterast med opplysningar henta frå register. Desse blir lagt til både før og etter intervjuet. Dataa blir også sjekka for konsistens og det blir føretatt en del rettingar.

8.1. Kontollar og feilrettingar

